



Arkivnr: 2015/11179-30

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Bestilling av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 70/16 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 i møte 4.10.2016:

- Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:*
 - 1. Investeringsplanlegging**
 2. Arkivering og journalføring
 3. Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel
 4. Vedtaksoppfølging
 5. Internkontroll
 6. Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall
 7. Psykososialt læringsmiljø
 8. Beredskap på vegnettet
 9. Vurdering av læringsutbytte
 10. Særskilt om språkopplæring
 11. Kulturminneforvaltning
 12. System og rutinar for bierverv
 13. Tilskotsforvaltning
2. *Planen erstattar revidert plan forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

Drøfting:

På bakgrunn av den nye vedtekte planen er det tid for at kontrollutvalet bør vurderer kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring

av forvaltningsrevisjon. Som kjent bestilte kontrollutvalet prosjekt 1 «Investeringsplanlegging» i førre møte. Når ein no skal gjera ei ny bestilling ville det vore mest naturleg å velge det neste prosjektet i planen. Samstundes viser sekretariatet til sak PS 103/16 Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular» i møte 20.10.16 der m.a. dette vart protokollert:

«Kontrollutvalet bad sekretariatet vurdere korleis ein kan finna ut om forretningsdrifta ved alle tre reviderte skular er innanfor dei retningslinene som gjeld eller om dei driv ein butikk i konkurranse med privat næringsliv. I dette ligg det m.a. dette:

- Kva bør dei selge?
- Korleis vert prisinga gjort?
- Er det fare for kryss subsidiering?
- Her ligg det også ei vurdering av om kontrollutvalet i neste møte bør bestille ein tilleggsrevisjon»

Sekretariatet har, i samråd med Deloitte, vurdert korleis ein kan finne ut om forretningsdrifta ved dei tre skulane er innanfor retningslinene og komme fram til at kontrollutvalet bør vurdere å bestille ein ny forvaltningsrevisjon for å få svar på dette. Som grunnlag for dette arbeidet har Deloitte utarbeidd ei slik **skisse** til kva ein slik forvaltningsrevisjon kan innehalde:

«Forretningsdrift, herunder kryss-subsidiering, er relevant både for varer og tjenester. Det vil si at **alle** skoler som tilbyr yrkesfaglige spesialiseringer kan være aktuelle revisjonsobjekter, ikke bare jordbrukskolene.

Eksempler kan være catering og utsalg fra restaurant- og matfag; tjenesteoppdrag for naturbruk, bygg- og anleggsteknikk, elektrofag; verksted for teknikk og industriell produksjon; og kursing i skolens lokaler og bruk av skolens utstyr.

Aktuelt regelverk:

- 1) Kryss-subsidiering (EU)
- 2) Kalkyleprinsipper (hva baseres prisingen på)
- 3) Prosjektregnskap
 - a. Internfakturering

Aktuelle problemstillinger:

| Spørsmål frå HFK | Mogleg problemstilling | Metode |
|---|---|--|
| Opererer skulane innanfor ev. regelverk når det gjeld forretningsdrift og skalering av dette? | Er det etablert tydeleg regelverk eller føringar for forretningsdrift ved vidaregåande skular? | Kartlegge fylkeskommunale vedtak, rutinar, direktiv, offentlege utgreiingar, rettleiarar, osv. |
| | Er skulane si forretningsdrift tilpassa desse retningslinjene? | Gjennomgang av budsjett og rekneskap og intervju med besøk på skulane |
| Subsidierer HFK næringsdrift? | Har skulane retningslinjer for å hindre kryss-subsidiering? | Dokumentasjon og intervju |
| | Har skulane etablert eit rekneskapsmessig skille mellom skuledrift og forretningsdrift? (Herunder bruk av prosjektregnskap) | Gjennomgang av budsjett og regnskap og intervju |
| | Har skulane etablert dokumenterte internkontroll-tiltak for å oppdage kryss-subsidiering av næringsdrift? | Dokumentasjon og intervju |
| Konkurrerer skulane med lokalt næringsliv? | Er forretningsdrifta ved vidaregåande skular i konkurranse med lokalt næringsliv? (Prissetting) | Dokumentasjon og intervju |

Utvalet bør her vurdere om ein skal bestille ny forvaltningsrevisjon innan forretningsdrift ved dei vidaregåande skulane eller om ein skal velje neste prosjekt i den godkjende planen. Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksling på omtale av dei neste 3 prosjekta, slik det kjem fram i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon punkt 2.1:

| Prioritet | Prosjekt | Tema |
|-----------|---|--|
| 2. | Arkivering og journalføring | Arkivering av elektronisk dokumentasjon. |
| 3. | Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel | System og rutinar. |
| 4. | Vedtaksoppfølging | System og rutinar for å følgje opp politiske vedtak. |

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 5.12.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.